

## ÅRSTADVOLLEN I BERGEN

Mellom to av dei største fjordsystema på Vestlandet, innafor leia langs norskekysten ligg Bergen, strategisk plassert på den største landmassen i vest av Hordaland. Den er kjend som ein av dei viktigaste mellomalderbyane i Norge, men har ei lang og mindre kjent forhistorie som maktsenter på Årstadvollen.

Den største kongsgarden i landet – Alrekstad - låg på Årstad, den er kjent frå sagamaterialet i frå 200-300-talet. Gravfunn med keramikk støttar og ei slik datering. Samanfallet mellom dei arkeologiske funn, historie og sagamateriale er ein av få stader i Noreg. Etterkvart som landet steig, vart den gamle hamna ved Møllendal vanskeleg å kome inn til gjennom Straumen ut mot Puddefjorden. Særleg med større seglførande handelsskip som vart meir einerådane. Truleg var dette ein fleire grunnar til at hamna vart flytt ut til Vågen. For å kunne ha kontroll med handel, skatt og toll flytte kongssetet etter og ut til Holmen. I store trekk byggjer etableringa av handelsstaden i Vågen på endringane i og rundt Årstadvollen.

Dette gjer det viktig å halde fast ved at lendet der storgarden og seinare kongsgarden vaks fram, framleis i størst mogleg grad må være leseleg. Byutviklinga har i dag bygd ned store deler av gården, men landskapet med ryggar, elver og sandvollar er framleis godt kjennelege. Bygningstrukturane rundt vollen må ikkje verta for tette og dominerande. Høgghuset på Mølleneset vert av ein slik karakter at det vil bryta med eksisterande bygningstrykk og øydelegga inntrykket og oppleving av eit historieforteljande landskap av nasjonal karakter. Dermed mister byen og regionen ein viktig del av si tidlige historie.

I landssamlinga opp mot 1000-talet spelte tilhøva på Vestlandet ei hovudrolle, hendingane her er viktig identitetskapande del av Norsk historie. Det var samlinga av denne regionen som etterkvart vaks til å femne heile landet for øvrig. Høvdingssetet og kongsgarden Alrekstad vart for ein hovudstad å rekne. Ved at landskapet Alrekstad ligg i vert gjort uleseleg gjennom realiseringa av høgghuset på Mølleneset mister Norge som nasjon ein svært viktig del av si tidlige historie og identitet.

Når Vågen vert etablert vert den og tilpassa landskapet og omgjevnader. Byen spreiar seg ut på ei strandbrem ved foten av fjella Ulriken og Fløien. Bergen slik vi kjenner den i dag, har eit aksesystem i byplanen der stadia i framveksten av byen og plasseringa i landskapet framleis er godt leselege. Kjem ein inn Vågen og stig i land på Torget, står ein i aksen frå Vetrilidsalmenningen til Sydneshaugen, denne aust-vest-aksen knyt saman byen som vaks fram rundt Vågen frå mellomalderen av med den moderne kvartalsregulerte bystrukturen i Sentrum, på Nygård og Møhlenpris: Bjørgvin/ Bergen.

Den mest synlege aksen og opplevinga av dei historiske samanhengane i Bergen er på Ole Bulls Plass. Her kryssar aksen frå Vetrilidsalmenningen til Sydneshaugen med aksen frå Engen til Årstadvollen. Den yngre byen peikar her mest i rett linje tilbake på opphavet sitt i den eldre byen på Årstadvollen: Alrekstad.

Kommunedelplanen til Bergen kommune har i tråd med dette viktige prinsippet føresegner som har vidareført dette prinsippet. Det er fylkeskonservatoren sitt syn at det er av regional og nasjonal betydning, at ein vel å halde fast på dei overordna rammer for maksimale byggjehøgder i dette området. Skal det verta endringar, må dette kvile på prosessar som femnar om heilskapen og ikkje i ei enkelt byggesak.